

Deres ref.:**Vår ref.:****Dato:**

23/6607-3 EHU

13.10.2023

Eskild Hustvedt / 47646514

Høringsvar: smittevern og sterilforsyning

Fagforbundet takker for høvet til å kome med innspel. Mange av våre medlemmar jobbar innan fagfeltet smittevern og sterilforsyning, og dette er ein grunnleggjande del av moderne sjukehusdrift og eit fagfelt under stadig utvikling. Ei god fagskuleutdanning er difor veldig viktig for å sikre gode tenester i åra som kjem.

Me meiner at ein bør få meir kunnskap om korleis ein kirurg, operasjonssjukepleiar og andre delar av det kirurgiske teamet arbeider, og då særleg kunnskap om korleis dei ulike instrumenta vart nytta, for å få eit betre inntrykk av heile kjeda som ein jobbar i. Me er kjend med at ein enkelte stader legg opp til at ein i praksis hospiterer og får observere operasjonar, og vil oppmode til at det vart ein nasjonal anbefaling, men det er likevel behov for meir kunnskap om bruken av instrumenta enn det ein legg opp til i utkastet.

Emne 1 om etikk er sjølvstøtt svært viktig for alle som jobbar i helsetenesta. Likevel kan det for enkelte som tek denne utdanninga verke litt fråkopla det daglege arbeidet, då dei fleste ikkje jobbar i direkte pasientretta verksemd. Innhaldet bør i større grad tilpassast arbeidskvardagen, og ein kan vurdere om ein er tent med å redusere emne 1 med nokre studiepoeng for å styrke andre deler av utdanninga (utan å fjerne det heilt).

Sidan fagfeltet stadig er under utvikling er det viktig at ein sikrar at emne 3 held seg oppdatert med utviklinga i utstyr som vart nytta. Til dømes er det viktig å få med noko om anna lågtemperaturutstyr som ikkje kan vaskast i dekontaminatoren og heller ikkje steriliserast på vanleg måte. Her er det òg forskjellar mellom forskjellige føretak, og ein kan med fordel tilpasse planane lokalt sånn at dei er mest mogleg relevante.

Fagforbundet ynskjer å understreke kor viktig det er at praksis er ein del av utdanninga. Det er difor svært viktig at emne 5 består. Ein av dei særlege styrkane til fagskuleutdanningar er at dei er praksisnære og anvendelige. Då må ein òg i laupet av utdanninga ha høve til å få prøve seg med å utøve yrket og bruke kunnskapen ein har fått. Hospitering i andre deler av tenesta vil òg vere nyttig for å auke forståinga av heile forlaupet.

Med helsing
FAGFORBUNDET

Eskild Hustvedt
rådgiver